

Kyrkjeblad for Fjaler

Nr. 2 juni 2008

66. årgang



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKE

God sommer!

I opphavet skapte Gud himmelen og jorda

Gud har gitt oss ei fantastisk og ufatteleg gåve då han gav oss ansvaret for skaparverket sitt! Og som vi veit, var det "overlag godt" frå Skaparen si side. Vi ser mange små underverk ute i naturen og no om sommaren er det på mange måtar ekstra lett å late seg imponere over det vakre vi ser rundt oss: Blomane i vegkanten, majestetiske tre som strekkjer seg mot himmelen, irrgroent gras, sola som skin på ein knallblå himmel og for ikkje å snakke om regnet som fossar ned i store mengder. Det siste er vi som kjent rikt velsigna med her på våre kantar!

I den seinare tida har det vore mykje fokus på miljø og korleis vi kan ta vare på miljøet for å avgrense dei menneskeskapt klimaendringane. Forskarane har peika på at isen smeltar og at dette kan få store konsekvensar for livet på jorda. Vi høyrer at klimaet truleg vert villare og våtare. Det er spådd at vi vil få meir vind og meir regn. Etter at vi fekk "vaska" naturen så grundig sist haust, vil nok mange av oss meine at slik "grundig vasking" ikkje er naudsynt på mange, mange år!

Denne våren har eg pussa opp huset mitt, og i samband med det har det vorte nokre turar til Sande med boss. Og lat det vere sagt med det same: Eg gremmer meg når eg ser kor mykje boss vi produserer, og eg er også ein del av forbrukarsamfunnet. Sjølv om eg er oppteken av gjenbruk, har er bytta ut ein del av det gamle med noko nytt og finare. Det er mange freistingar vi vert utsette for som forbrukarar og det er lett å verte riven med av alt det fine som finst i butikkane. Eg må innrømme at eg har måtte snakka venleg og bestemt til meg sjølv meir enn ein gong når eg har vore på nippen til å kjøpe meir enn det eg verkeleg treng. Og det er nok svært ulikt kva vi definerer som "verkeleg treng".

Når naturen ser ut til å vere ute av balanse, vert mange av oss urolege og spør oss kva vi kan gjere med det. Fire områder ser ut til å stå sentralt: Biff, bil, bustad og "boeing". Vi bør ete mindre reint kjøt, redusere bruken av bil, leve enklare og tenke kritisk på om vi kan redusere flyturane våre. I tillegg kjem ei rekke små og store tiltak

som kan vere med på å redusere utslipp av klimagassar: Kjeldesortere, reparere øydelagde klede, reservere oss mot postkassereklame, handle i nærbutikken, unngå bil på korte turar, sykle eller gå til jobb/fritidsaktivitetar og ein svært enkel ting til slutt; bruke matboks i staden for matpapir. Du finn mange gode tips på www.kirken.no/miljo eller www.gronnhverdag.no.

I følgje biskop Odd Bondevik må det vere glede over skaparverket som driv oss. Miljøengasjementet må ikkje verte ei form for moralsk sur nedbør. Han meiner det ligg ei velsigning i å leve eit enkelt liv. Kanskje ligg det skattar skjult i mørkret på dette området?

Trusopplærings-
medarbeidar
Bente Kandal



HAUSTDAGAR på Alværa med noko dugnad attåt 9.-12. september

Fleire år på rad har ein gjeng spreke, arbeidsglade pensjonistar, samt nokre ikkje-pensjonistar, vore samla til leir kombinert med dugnad på Alværa misjonscenter.

På ein leirstad er det alltid noko som treng gjerast. Og mange likar ikkje sitje i ro heile tida. Ikkje er det sunt heller. Difor kombinerer vi kvile og arbeid, bibelsamlingar og åndeleg fellesskap, med arbeidsfellesskap. Variert kveldsprogram. Ein ettermiddag med misjon og basar! Då rullar kronene og stemninga er god!

Vertskap er områdeleiarar i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn: Toril Lange, Rigmor Frøyen og Jorunn Hilleren.

Ta kontakt med Alværa for meir informasjon. Tlf 48 99 06 61

På Kyrkjebakken

FASTEAKSJONEN 2008

Hjarteleg takk til alle som var med på dør-til-dør-aksjonen 11. mars til Kirkens Nødhjelp (KN) sitt arbeid, både bøsseberarane (konfirmantane), sjåførane og dei som hjelpte til med kaféen på Ljosheim! Innsamlingssummen var kr. 31.474,50. Takk til alle som gav sine bidrag til aksjonen! kak



TAKK FOR LYSGLOBEN TIL FOLKESTAD BEDEHUSKAPPELL.

Kyrkjelyden i Folkestad takkar Våge Kvinne- og familielag hjarteleg for økonomisk stønad til kjøp av lysgloben som no er teken i bruk i kapellet. På biletet er



eit lys tent for dåpsbarnet, Ronja Fretland, med foreldra Ida Ravnøy og Terje Fretland.

SYNG-MED-OSS I FOLKESTAD

På Syng-med-oss kvelden i Folkestad kapell søndag 14. september kl. 19.30 kjem Fure og Våge Songlag med korsong. Som vanleg blir det allsong og "den ypperligste kveldsmaten i Fjaler" servert av soknerådet til ein rimeleg pris. Vel møtt!

VEL MØTT TIL TRADISJONSRIK JONSOKFEIRING I GUDDAL!

Jonsokfeiringa i Guddal er ein mykje over 100 år lang tradisjon som takka vere trufaste eldsjeler held fram. I år er Jonsok på ein tysdag, og som vanleg startar gudstenesta i kyrkja kl 11:00 der Knut Arne er prest. Med oss frå Det Norske Misjonsselskap blir i år Rigmor Frøyen.

Etter gudstenesta samlast vi til misjonsfest på skulen. Der blir det meir om misjon og som tidlegare år blir

det loddosal med fine gevinstar. God mat kjenneteiknar også festen, og eldsjelene – ein handfull Guddalskvinner - serverer mylse, kake og kaffi m.m.

FRAMSIDEBILETET

På framsida ser du Kyrkjeårsteppet som er designa og laga av Eli Johanne Hegrestad i Førde. Teppet er kjøpt inn for bruk i det felles trusoppplæringsprosjektet for Fjaler og Gaular.

På teppet som er 1 x 1 m ser vi kyrkjeårssirkelen med dei liturgiske fargane. Det er illustrasjonar på ein god del av dei faste gudstenestedagane. Når teppet ikkje er i bruk, vil det veksle med å henge i dei ulike kyrkjene i Fjaler og Gaular. Dei liturgiske fargane i kyrkjeåret er: fiolett, kvit, rød og grøn. Eli skriv: "Kyrkjeårsteppet blir i utgangspunktet laga for barn og er planlagt ut i frå det. Barn er vanlegvis glade i fargar, og eg tenkjer at kyrkjeårsteppet skal formidle glede, varme, håp og liv. Målet er at det skal stimulere til læring og gode opplevingar. Barn "i alle aldrar" vil ha glede av å sjå på det og lære meir om fargene og innhaldet i kyrkjeåret."

Bibelen som vaksinasjon

Å kunne lese er ein viktig faktor i eit menneske sitt liv. Lesing kan gi rike opplevingar og ein kan skaffe seg både kunnskap og underhaldning. I lange tider var det berre Bibelen og katekisma som var tilgjengeleg for folk flest. Nyare forskning viser at denne kombinasjonen var kraftigare enn ein trudde. Den amerikanske organisasjonen "Back to the Bible" har dei siste åra investert mykje i å finne ut kva lesing av Bibelen betyr for folk i vår tid. Denne omfattande forskinga syner at dei som les Bibelen fire gonger eller meir kvar veke, haustar store fordelar av sin bibelbruk. Folk i denne grup-

pa opplever færre skilsmisser, mindre rusproblem, mindre økonomiske problem og er psykisk friskare enn gjennomsnittet.


Noko av det mest påfallande er at det går ei grense ved talet fire. Det må fire gonger til (eller meir) for at det skal kunne utgjere ein større skilnad i høve til befolkninga elles. På bakgrunn av desse resultatane har den amerikanske organisasjonen sett i verk ein bibelleseplan med namnet "Powered by 4". Dei vil stimulere folk til å lese sin Bibel oftare; ja, minimum fire gonger i veka. I kristne miljø snakkar ein ofte i



høgtidelege ordelag om at Guds ord har stor kraft i seg. Det er med rette. Og folk lengtar etter å leve eit rikare liv. No veit vi at det ligg ein nøkkel i å ta Bibelen ned frå hylla. Minst fire gonger kvar veke. God lesing!

Familie & Medier –
Kristent medieforum
v/ generalsekretær
Geir Magnus Nyborg, gmn@fom.no

Påskevandring



STØRST AV ALT

HÅNS OG TRÆD I DEN HØRRE KYRKE

I mars fekk alle døypte 3.klassingar i Fjaler invitasjon til påskevandring. Ein sentral del av dette opplegget var påskemåltidet. Frå Palmesøndag med jubel, palmegreiner og riding på esel, gjekk vi inn til Skjærtorsdag og påskemåltid. Etter fotvaskinga var det klart for å setje seg til bordet. Eller meir historisk korrekt, legge seg til bordet!

Her fekk vi smake på ingrediensar som betyr noko spesielt i den jødiske historia og i den kristne trua på Jesus. Den bitre urten og "lidinga sitt beger", skulle minne oss om Israelsfolket sin situasjon under slaveriet i Egypt. Måltidet vart drive fram av fire ulike spørsmål som vart lesne av det yngste barnet i gruppa, og "faren i familien", i dette tilfellet Bente, fortalde historier knytte til spørsmåla. Under måltidet skulle vi m.a. dyppe persille i saltvatn for å verte minna på at Gud berga folket trygt gjennom Sivsjøen. Ikkje alle syntes det var noko særleg til smak. Ein av gutane meinte at saltvatnet var ekkelt! Vi avslutta bordsetet med "håpet sitt beger". Gud døydde for alle menneske og Han vil gje oss framtid og håp!

Så var det tid for å kle på seg og vandre vidare til forteljingar om Jesus i Getsemane, den dramatiske og triste Langfredag og den utrulege Påskemorgon. Siste post på vandringa var bål, godterifiskar og polarbrød ved Daleelva, Fjaler sitt svar på "Tiberiassjøen".

Tekst:

Trusopplæringsmedarbeidar

Bente Kandal

Foto: Joy Taylor



Mia fekk vere Jesus og sitje på "eselet", mens folket vifta med "palmegreiner".



Til påskemåltidet fekk vi liggje på golvet og smake på mykje rart!

Bente demonstrerte korleis Jesus vaska føtene til disiplane – her med Gard.



Bitre urter smakar ikkje godt!
Det synest i alle fall Sandra,
Hanne og Johanne.



Her dyppar vi persillekvastar i saltvatn for å verte minna på at Gud berga folket trygt gjennom Sivsjøen.



Knut Arne fortalde om Getsemane, og korleis disiplane (Bente) ikkje klarte å halde seg vakne.



Bål og fiskemåltid ved "Tiberiassjøen".



På søndagen deltok barna frå Dale og Flekke i familiegudsteneste i Dale kyrkje. Her øver Finn-Kristian og Ådne-Andre på å tenne lys til forbøna.

Ut i "Alværa"

29. og 30. mars var konfirmantane i Fjaler på konfirmanthelg på Alværa Misjonscenter som ligg ved Sognefjorden, 4 km frå Lavik. I løpet av helga fekk konfirmantane delta i ulike aktivitetar. Noko tid av denne helga gjekk med til å førebu samtalegudstjenesta søndag kveld. Laurdag kveld deltok dei i påskevandring der dei fekk høyre og oppleve kva som skjedde med Jesus dei fire viktigaste dagane i påska. Søndag fekk dei undervisning i etiske tema. Det blei også tid til å vere ute, anten dei fann på aktiviteten sjølv, eller deltok i den organiserte aktiviteten.

Laurdag kveld var det leirkveld med leikar og underhaldning, og kvelden var avslutta med "Ord for kvelden" av presten.

Det var kjekt å reise saman på tur! Her er nokre bilete både frå Alværa og samtalegudstjenesta i Dale kyrkje.



Leirkvelden var konfirmantane samla i peisestova. Frå venstre ser vi Iselin Sande, Ida Brask Steinseth, Helga Øen Åsnes, Katrine Vesterås, Hanne Arstein, Silje-Beate Mjåseth og Bjarte Svorstøl Berge.



Det var ulike konkurransar leirkvelden. Her ser vi "eit lag" i full gang med løyse oppgåvene. Frå venstre: Thomas Høivik, Florence May Hamper, Sigrid Strand, Tor Ivar Aase Dale og Stein-Jarle Mattson Hovlandsdal.



"Funny-bunny"-konkurransen gjekk ut på å stappe så mange marshmallows som mogeleg i munnen, samtidig som deltakarane skulle kunne uttale ordet "Funny-bunny". Her ser vi frå venstre konkurranse-leiarer Andreas Kråkenes saman med ein av deltakarane, Ivar Furnes Ness.



Her ser vi tre av leiarane på Alværa. Frå venstre Andreas Kråkenes frå Dale, Kopano Majara frå Lesotho, og Sabrina Szeto frå Singapore.



Ute var det mellom anna ein konkurranse i ballongvolleyball, der laga skulle, ved hjelp av eit laken, hive over ein ballong fylt av vatn, og ta imot utan at ballongen hamna i bakken. Då sprakk den. Her ser vi frå venstre Katrine Leirpoll Rakneberg, Kornelius Sætenes Haaland, Ida Brask Steinseth, Sigrid Strand, Kjersti Yndestad, Bjørnar S Kummeneje og Dubie Toa-Kwapong.



*På samtalegudstene-
ta skulle nokre
konfirmantar
fortelje oss om
dei ulike per-
lene i
Kristuskransen.
Her fortel Ole
Løseth og Iselin
Sande kyrkjely-
den om ørken-
perla.*

*Song frå gal-
leriet ved Dubie
og Florence.*

*Foto: Sabrina
Szeto og Knut
Arne
Kummeneje.*



Nattverden kjem!



Seier du "elleve mann", tenkjer nok dei fleste på fotball. Dei færreste tenkjer på dei elleve som Kristi Himmelfartsdag var samla på

Oljeberget før dei blei "sende ut på bana", for å seie det slik. Sjølv den beste trenaren er avhengig av at alle spelarane utviklar sitt potensiale. Då kan han frå sidelinja heller jobbe med å motivere og inspirere og på den måten få fram det beste i spelarane sine.

Jesus hadde eit mål: Å gjere alle menneske til sine disiplar. Dette kunne han ikkje gjere åleine. Han sendte i staden sine elleve ut på bana, og konsentrerte seg om å utvikle den einskildes ferdigheiter, auke deira speleforståing, motivere og – i ei djupare mening – inspirere ved å sende dei sin Ande – Den Heilage Ande.

I dåpen får mennesket Den Heilage Ande. I nattverden får mennesket Den Heilage Ande. Jesus er nærverande!

I dåpsbefalinga seier Jesus at hans disiplar skal "døype og lære".

Trusopplæringa er i full gang i Fjaler. Til hausten skal vi starte

dåpsskule for 6-åringar. Det handlar om å lære opp borna som døypte medlemmer av kyrkja.

Eit sakrament betyr ei heilag handling. I vår kyrkje har vi to sakrament: dåp og nattverd. Jesus har sjølv innstifta desse to sakramenta. Den kristne kyrkja døyper sine medlemmer fordi Jesus sa til disiplane at dei skulle gjere det. Kyrkja trur at menneska blir Guds born i dåpen, ein overgang til eit nytt liv.

Nattverden er den himmelske føde vi får av Jesus. Det å ta imot nattverden er å få evangeliet på ein annan måte, gjennom sansane, ikkje først og fremt gjennom auga og øyra, men gjennom smakssansen – som brød og vin – Jesu kropp og blod.

Då Jesus i den første påska hadde delt ut brødet og vinen, sin kropp og sitt blod, sa han: "Gjer dette til minne om meg."

Sidan har kyrkja delt ut brød og vin til minne om han – slik at hans born kan få den himmelske føde.

Det er ikkje slik at det er eit A-lag og eit B-lag i kyrkja. Nattverden er ikkje meint kun til dei frommaste og flinkaste. Nattverden er meint til alle som kjenner at dei treng Jesus.

Born og nattverd

Når vi til hausten skal starte dåpsskule for 6-åringane, vil vi mellom anna ha eit nattverdkurs for dei. Det er veldig viktig at borna lærer grunnleggjande ferdigheiter i møte med trua si. Dei vil lære kva nattverden handlar om. Dei vil lære korleis vi gjer det når vi går til nattverd. Det er viktig å øve på korleis vi gjer det når vi tek imot nattverden i gudstene-
sta. Det gir trygghet.

Trua sit ikkje berre i hovudet. Trua er i armene, i beina, i munnen – i heile mennesket. Trua handlar ikkje berre om å sjå og høyre. Trua handlar om å smake og å gjere. Trua handlar om å bruke heile kroppen.

Til hausten vil vi i Dale kyrkje og Hellevik kapell gjennomføre familiemesse med nattverd 21. september. På desse gudstene-
stene er det også haustakkefest, og 6-åringane får 6-årsbok. Det er nattverd på desse gudstene-
stene, noko som 6-åringane har fått undervisning om og innføring i på førehand.

Det er viktig å få poengtert at det er foreldra som bestemmer om deira barn kan delta i nattverden. Men dei borna som ikkje ønskjer nattverd, kan likevel "stille seg i kø" og bli velsigna av presten. Nattverden blir delt ut i midtgangen som kontinuerleg nattverd.

Konfirmasjon 2008



Dale kyrkje:

Framme frå venstre: Thea Nistad Sunde, Florence May Hamper, Caroline Løseth, Thomas Høivik, Elise Sofie Solheim, sokneprest Knut Arne Kummeneje.

2. rekkje frå venstre: Ingunn Mortensbakke, Thea Myklebust Haaland, Hans Bjarne Tømmerbakke Arstein, Katrine Leirpoll Rakneberg, Frank-Robert Hatlem Kjøsnes, Nana Dubie Toa-Kwapong.

3. rekkje frå venstre: Gisle Hovland Stenseth, Tommy Rennestraum Øen, Stine-Mari Myklebust.

4. rekkje frå venstre: David Nilsen Sørrebø, Bjørnar Sollesnes Kummeneje, Sigrid Strand, Tor-Ivar Nedrebø, Magnus Madsen.

5. rekkje frå venstre: Ole Løseth, Asle Ness, Kjartan Os, Kornelius Sætenes Haaland, Tor Ivar Aase Dale, Ivar Furnes Ness.

Foto: David Zadig (48 24 95 34)



**Folkestad kapell:**

Framme frå venstre:

Iselin Sande,
Katrine Vesterås,
Silje-Beate Mjåseth.

Bak frå venstre:

Oddvar Einen,
sokneprest Knut Arne Kummeneje,
Espen Nikolai Jensen.

Foto: Mark Taylor

Guddal kyrkje:

Frå venstre:

Ida Brask Steinseth,
Stein-Jarle Mattson Hovlandsdal,
Kjersti Yndestad,
sokneprest Knut Arne Kummeneje.

Foto: Mark Taylor

**Hellevik kapell:**

Frå venstre:

Hanne Arstein,
Helga Øen Åsnes,
sokneprest Knut Arne Kummeneje,
Håvard Stølen,
Bjarte Svorstøl Berge.

Foto: Mark Taylor

Velkommen til kor!

Det er mange personar i Fjaler med gode songstemmer, men som enno ikkje har funne vegen til eit kor. Jesus seier at vi ikkje må gøyme talenta våre, men bruke gåvene våre til beste for fellesskapet. Kvifor ikkje vere med i eit kor der du kan glede andre med gode opplevingar samtidig som du har det gøy sjølv ved å få noko til med andre menneske? Her er eit oversikt over kora og programmet for neste sesongen:



Cantus – blandakor for vaksne

treng fleire kvinner og menn. Vi er i dag 21 medlemmer frå 37 til 72 år, men vaksne i alle aldrar er velkomne. Vi øver onsdagar kl. 20.00-21.30 på Ljosheim med fruktpause, oppstart 20. august. Til hausten har vi blant anna øvingshelg i Skjerjehamn i Gulen, storkorprosjekt med kor frå Guddal, Hyllestad, Førde og Flora, og sjølvsgatt julekonsert! Vi syng eit variert repertoar frå Elvis sine gospellåtar med Leif Gunnar, til salmar og viser av m.a. Carola og Benny Andersson, keltiske og afrikanske folketonar og tradisjonell klassisk kyrkjemusikk. I 2009 vil vi feire 30 års jubileum med flotte konsertar og delta i eit korprosjekt med Fulani-folketonar og ein artist frå Mali. Melder du deg inn i koret til kantor Mark Taylor før 1. august, kan han ha notane klare til deg ved oppstart. Velkomen!



Vi lanserer Familiekor junior i Guddal

Vi vil gje eit tilrettelagt tilbod til dei mange småbarn frå 4 år til 2. klasse i Guddal – Familiekor junior. Den fyrste halvtimen av øvinga vår vil bli tilpassa små ungar med gøy oppvarming, enkle barnesongar og mykje rørsle. Barna kan gjerne ha med seg mamma, store sysken eller bestemor.

Junioravdelinga av koret syng mindre i kyrkja enn dei store – dei blir med på nokre få familiegudstenester som utdelingsgudstenesta for 4- og 6-årsbøkene og lysmessa. Vi øver annan kvar tysdag, oppstart 26. august. Junior-avdelinga blir frå 16.00-16.30. Eldre barn og vaksne øver vidare frå 16.30-17.30 med eit kvarters pause for barna. Dei store barna skal reise på kortur til Ålesund i slutten av september og dei vaksne har storkorprosjekt med Cantus og kor frå Hyllestad, Førde og Flora. På den sosiale sida, gleder vi oss elles til det årlege julebordet hjå Oddleif! Meld deg på gjerne til Mark. Vi ynskjer både store og små velkomen til Guddal familiekor!

DALE BARNEKOR

Dale barnekor – for barn som liker å syngje!


Barnekoret har oppstart måndag 18. august på mediateket på Dingemoen skule og øver kvar måndag kl. 14.25-15.00. Songglade barn frå 4. til 7. årssteg er velkomen, både jenter og gutar. Haustens storhending er turen til Sykkylven og Ålesund i slutten av september med besøk til Moa svømmehall, Atlanterhavsparken (akvarium), shopping, pizzafest, klatrerom og song med barnekora Korkjekt i Sykkylven og Spjelkavik barnekor.



Do Re Mi – barnekoret i ytre Fjaler


Har oppstart måndag 1. september og øver annan kvar måndag på Hellevik barnehage kl. 17.45-19.00. Pausen med fri leik (t.d. lufthockey og bordfotball) er populær. Alle songglade barn frå 1. til 7. klasse er velkomne, både gutar og jenter. Haustens storhending er turen til

Sykkylven og Ålesund i slutten av september med besøk til Moa svømmehall, Atlanterhavsparken (akvarium), shopping, pizzafest, klatrerom og song med barnekora Korkjekt i Sykkylven og Spjelkavik barnekor.



**KIRKEENS
NØDHJELP**

**GAVER SOM
FORANDRER
VERDEN**



Nå finner du nye gavelids på Gaver som forandrer verden – symbolgaver er en ideell gave til den som "har alt".

Seal du i bryllup eller annet jubileum? Hva med å gi bort et esel eller en vannpumpe? Pengene går til de som trenger det mest.

Eller hva med en gitar til konfirmanden, som en tilleggsgave? Med i gaven følger tilbud om medlemskap i Changemaker - Kirkeens Nødhjelps ungdomsorganisasjon

Nå finner du også en oversiktlig prisliste i gavebutikken, slik at det er lett å finne en gave som passer ditt gavebudsjett!

Ta del at du er med oss i kampen for en rettferdig verden!

Vennlig hilsen
Kirkeens Nødhjelp

www.gaversomforandrerverden.no

Kyrkjeverja har Ordet

IBERIASNIGLAR på kyrkjegardane.

Vi har heldigvis enno ikkje sett denne frykta brunsnigelen på kyrkjegardane, men det er kanskje like før, dersom vi ikkje er ekstra påpasslege. Vi veit at ein snigel er nok til å føre slekta vidare, då den er tvikjønna og kryssbefruktar seg sjølv. Vi veit òg at ein snigel kan legge opp mot 400 egg og at dei vert klekte etter 1-2 veker og er kjønnsmodne etter 4-5 veker. Dei overvintrar som egg eller unge sniglar.



Voksen iberiaskogsnegl
(Bioforsk/Arild Andersen)

PLANTAR I KARANTENE FØR UTPLANTING PÅ KYRKJEGARDEN.

Det er særleg ved planting av staudar og småbusker i plantefelta framfor gravminna vi er redde for at snigelen skal dukke opp. Egg og små ungar kan vere i rotsystemet og det oppdagar vi ikkje før det er for seint. Difor oppmodar vi deg om å la nyinnkjøpte plantar stå på ein svart plastsekk eit par veker før dei vert planta i jorda. Dersom det vert slim på sekken, er det fare på ferde, og då har du truleg kjøpt meir enn du hadde tenkt ☹. Vil du sikre deg, kan du strø ei stripe salt rundt eit stykke unna potta, for då held dei seg innanfor sirkelen.

Er du så uheldig at du har fått snigelen inn i hagen din, må du vere så venleg ikkje å ta med staudar el. liknande til kyrkjegarden. For snigelinterreserte: www.snigler.info og for grøn kamp mot sniglane: www.gronnhverdag.no Elles kan den visst brukast til matauk og smakar ikkje så verst, men då må involane fjernast først.

PLANTEFELTET FRAMFOR GRAVMINNET

Kyrkjegardsvedtekter § 6. Plantefelt
"Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken rundt. Plantefeltet må ikkje vere breiare enn lengda på sokkelen til gravminnet, men kan på små gravminne likevel vere opp til 60 cm breitt. Det må ikkje stikke lenger fram enn 70 cm, målt frå bakkanten av sokkelen." Grunnen til at sokkelen og plante-



remser / planteplater skal gå plant med bakken er at vi – når vi slår – kjører oppå med hjula på grasklippet for å få slå så nær som mogeleg. Dette er også grunnen til at det ikkje må ligge noko laust oppå planteremser eller planteplatene. Rullesteinar øydelegg kniven på klippet og er såleis ikkje eigna som innrøming av plantefelt. Vi slår med ein liten klippar som vi skyver – utan driv på hjula for å få slått så bra som mogeleg. Alternativet er at dei som stelle gravene sjølve må slå nær gravminnet – der vi ikkje kjem til med den store klippet.

Der ein brukar tre planteremser må ein passe på at den lengste ligg fremst som synt på bildet.

Vi har remser liggande som ein kan få og bytte ut. Dersom vi må gjere dette, vil ikkje festar bli varsla skriftleg på førehand anna enn på denne måten.

Mange er veldig flinke å stelle plantefelta ! ☺, men det undrar meg at mange er så gjerrige med å fylle på ny jord i plantefelta før ein plantar ? ☹.

NY VASSPOST PÅ DALE KYRKJEGARD

Biletet syner den nye vassposten på Dale kyrkjegard som vart gjort ferdig i fjor haust. Det er no fire stader på kyrkjegarden det er mogeleg å tappe vatn. Vasskannene vil nok sirkulere litt rundt på dei fire vasspostane, men "den som leit er – den finn!" ☺



Fyndord

Du er verdifull!

DU

Du
 Det er bare du
 som er du -
 og det må du alltid
 være
 og det må du alltid
 glede deg over -
 for da vil du bli
 du - for så mange.

Livet har så mye
 å gi deg.
 Og så mye å kreve
 av deg
 - for du er rik.

Wilh. Krag

DERSOM

Dersom du trur
 skal du tru
 at du er noko
 at trua di
 er noko verd.

Famlande tru
 leitande tru
 lengtande tru
 skjelvande tru
 uferdig tru

er tru i vekst

undervegs
 mot det fullgode
 trygge.

Sigurd Sande



sjå innom nettsida vår:

www.fjaler.kyrkja.no

I kyrkjelyden sidan sist

Dale:

Døypte:

Amanda Antonisen
 Johan Myklebust Sægrov
 Ida Eide Dale

Avdøde:

Gerd Halsnes	f. 1934
Solbjørg Brattelid	f. 1944
Leiv Sørebo	f. 1935
Jon Harry Hugøy	f. 1932
Magnhild Bakkebø Roti (Gravlagd i Holmedal)	f. 1911
Borgny Solheim	f. 1925
Johannes Buttedal	f. 1919

Folkestad:

Døypte:

Eirik Lutentun Helle
 Ronja Fretland

Hellevik:

Avdøde:

Gudrun Kristin Enstad	f. 1915
Artur Hatlevik	f. 1928
Anders Einen	f. 1935
Odd Hauge	f. 1952

Korleis har du det...

EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300

Epost-teneste: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å PRATE MED
 NÅR LIVET ER SOM VERST

KONSERT OG KUNSTUTSTILLING

Søndag 3. august frå kl.19.30

Songaren og luttspelaren Mattias Ristholm og nøkkelharpisten Anders Peev er ikkje redde for å ta ut sin "svingande kreativitet". Med uvanlege instrument, suggestive rockerytmer og innslag frå orienten lyfter Anda fram den skandinaviske folkemusikken på ein nyskapande måte. Anda hentar siit repertoar frå den djupe kjelda av folkelege koralar og middelalderballadar frå heile Skandinavia.

Anders Peev, ein andre-generasjons innvandrar, oppvaksen i ein drabantby i Stockholm, tok omvegen til folkemusikken via hardrocken – noko som pregar hans måte å musisere på. Mattias Ristholm, oppvaksen i Västergötland og Småland med gospel i pinsekyrkja og grunge-musikk på guteroommet, er i dag ein av Sveriges beste mannlege folkesongarar. For femte året på rad er Anda no ute på ein omfattande sommarturné. Frå 29. juli til 3. august besøker Anda Noreg. Turneen blir avslutta den 3. august kl.20.00 med ein konsert i Dale kyrkje som ein del av Dalsfjordveka.

Repertoaret består for det meste av svenske og norske folketonar med åndeleg innhald. Alle har kristeleg innhald på ein eller annen måte, sjølv



om ikkje alle er salmar. Vi høyrer til dømes om fattigguten som møter Gud etter mykje sorg, om "fearlause menn", sjømenn som blir berga av Den Heilage Ande i form av ei due, og ein song om to kvite duer som hentar ein spelemann heim til himmelen. Alle er salmar/songar unntatt "Gangar", som er instrumental og er samanbunden med "Fearlause menn". Det er det som er unikt med dette bandet, at dei kun har "kristen folkemusikk" som repertoar.

Same kveld: Kunstutstilling.

Folkemusikk-konserten i Dale kyrkje blir kombinert med kunstutstilling. Biletkunstnaren Elsa Norunn Håheim Nydal frå Jølster stiller ut vakre, fargerike naturbilete og naturstemningar, inspirert av den mektige Jølstranaturen. Dette skulle høve godt inn i Dalsfjordveka ("kulturopplevingar i

landskapet"). Utstillinga opnar ein halvtime før konserten tek til. Det blir sjølv sagt også høve til å sjå bileta etter konserten.

Vel møtt til ein innhaldsrik kulturkveld i kyrkja!



Kunstutstilling i Dale kyrkje søndag 3. august frå kl. 19.30.

Velkommen til kyrkje

DALE KYRKJE

Sundag 29. juni kl.11:00

Høgmesse ved Kummeneje og Stav. Nattverd. Offer til NMS - Misjonsprosjektet vårt - landsbyutvikling i Mali.

Sundag 20. juli kl.11:00

Høgmesse ved Sande og Eiken. Offer til NMS - Generalforsamling Bergen.

Sundag 3. august kl.20:00

Kyrkjekonsert i Dalsfjordveka: Folkemusikk med duoen Anda. Billettsal voksne kr 100,- barn kr 50,-

Sundag 10. august kl.11:00

Høgmesse ved Kummeneje og Taylor. Nattverd.

Sundag 24. august kl.11:00

Høgmesse ved Kummeneje og Taylor. Konfirmantpresentasjon.

Sundag 7. september kl.11:00

Høgmesse ved Sande og Eiken. Nattverd.

Sundag 21. september kl.11:00

Hausttakkefest/familiemesse ved Kummeneje og Taylor. Dale barnekor, Bente Kandal og 6 åringane deltek. Utdeling av 6-årsboka. Nattverd.

Sundag 28. september kl.19:30

Kyrkjekonsert: Religiøse folketonar frå Vestlandet med "SUS": vokal, hardingfele, fløyte og trekkspel. Billettsal kr 120,-

GUDDAL KYRKJE

Tysdag 24. juni kl.11:00

Jonsokgudsteneste ved Kummeneje, Taylor og Rigmor Frøyen. Misjonsfest etterpå. Offer til NMS - Misjonsprosjektet vårt - landsbyutvikling i Mali.

Sundag 3. august kl.11:00

Høgmesse ved Sande og Taylor. Nattverd.

Sundag 31. august kl.20:00

Høgmesse ved Kummeneje og Taylor. Konfirmantpresentasjon. Familekoret deltek.

FOLKESTAD BEDEHUSKAPPELL

Sundag 31. august kl.11:00

Høgmesse ved Kummeneje og Taylor. Konfirmantpresentasjon.

Sundag 14. september kl.19:30

Syng-med-oss kveld ved Kummeneje og Taylor. Fure og Våge Songlag deltek. Kveldsmat. Kollekt til Fond for Kyrkjekonsertar.

HELLEVIK BEDEHUSKAPPELL

Sundag 21. september kl.14:00

Hausttakkefest/familiemesse ved Kummeneje og Taylor. Do Re Mi deltek. Utdeling av 6-årsboka. Nattverd.

ANDRE GUDSTENESTER

FOSSEDALEN

Sundag 31. august kl.15:00

Friluftsgudsteneste på Fossedalsdagen ved Sande.

KORSSUND ved steinkrossen

Sundag 27. juli kl.14:00

Friluftsgudsteneste ved Sande. Reidun Porten spelar trompet. I kapellet viss regn.

STRAUMSNES GREINDAHUS

Sundag 28. september kl.14:00

Gudsteneste ved Kummeneje og Eiken. Kyrkjekaffi.





Dåpsskule på Ljosheim og i Ytre-Fjaler

I haust startar vi opp med dåpsskule på Ljosheim, for dei som skal begynne i 1.klasse på Dingemoen skule. Alle døypte får skriftleg informasjon og melder seg på til kyrkjekontoret. Vi vil ha dette tilbodet fire torsdagar: 28. august, 4. september, 11. september og 18. september. Dei som går på SFO vert henta der kl.09.00 og fylgde attende på SFO. Har du fri, kan du møte opp på Ljosheim kl.09.30. På dåpsskulen er det variert opplegg med ulike tema frå Bibelen, lek, forming og song, og så et vi medbrakt nistepakke. Vi sluttar kl.11.30. Dersom nokon av dei som ikkje er døypte har lyst å vere med, så er dei hjarteleg velkomne til det!

For dei som soknar til Våge skule vert det dåpsskule for 1. og

2.klasse denne hausten. Datoane er ikkje fastlagt endå, men det er mogleg det vert same datoane som i Dale, men seinare på dagen. Tidsramma er to timar og vi vil bruke Hellevik kapell. For dei som soknar til Flekke skule og Guddal skule, vert det dåpsskule neste år. Vi slår då saman 1. og 2. klasse. Spørsmål eller påmelding kan du sende til trusopplæringsmedarbeidar Bente Kandal, tlf. 57 71 97 68, mobil 975 38 603 eller e-post: trusopplæring@gaular.kyrkja.no
Påmeldingsfrist: 26.08.08.

Velkomen på dåpsskule, anten denne hausten eller neste :)

Trusopplæringsmedarbeidar i Fjaler og Gaular,
Bente Kandal

Babysong

Kyrkja i Fjaler har i dei seinare åra hatt eit samarbeid med kulturskulen og helsestasjonen om babysong. Dette tilbodet vil halde fram til hausten. Alle i den aktuelle aldersgruppa får skriftleg invitasjon om å

vere med på babysong. Ei samling består av songar med rørsler, voggiesongar, rytmeinstrument og anna rart. Etter samlinga vert det tid til kaffi, te og ein god prat. Ei av samlingane vert ei familiesamling på Ljosheim. Her kan begge foreldra, eventuelle sysken og besteforeldre delta. Opplegget tek ca.45 minutt og det vert 12 samlingar på eit halvt år. Velkomen på babysong til hausten!

BK

Kyrkjeblad for Fjaler

Redaksjon: Sigurd Sande
Joy Taylor
Per Nistad

Redaksjon og ekspedisjon:
Kyrkjekontoret, p.b. 18, 6961 Dale
Kontonr. 3755.20.73135

Bladpengar kr. 150,-/175,- for året.

Prent: Ingvald Husabø Prenteverk a.s,
6863 Leikanger

Kyrkja i Fjaler

Heimeside: www.fjaler.kyrkja.no
Kyrkjekontoret, pb 18, 6961 Dale.
Telefon 57 73 63 30
Telefaks 57 73 66 31

kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no
kyrkjeverje@fjaler.kyrkja.no
knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no
sigurd.sande@fjaler.kyrkja.no
kantor@fjaler.kyrkja.no

Kontoret er ope

måndag-torsdag 9.00-14.00
fredag 9.00-12.00
Måndag er fridag for prestane.
Kantor har fri kvar torsdag

Privat-telefon

Sokneprest Knut Arne Kummeneje
tlf. 57 73 86 32/mobil 90 85 52 30
Seniorprest Sigurd Sande
tlf. 57 73 61 44/mobil 90 89 73 17
Kantor
Mark Taylor tlf. 57 73 61 65
Sekretær
Joy Taylor tlf. 57 73 61 65
Kyrkjeverje
Irene Fløde tlf. 57 73 68 82

Kyrkjetenarar:

Dale kyrkje
Joy Taylor tlf. 57 73 61 65

Guddal kyrkje
Liv Svanhild og Reidar Langeland
tlf 57 73 88 21

Hellevik- og Folkestad
Bedehuskapell
Sigrid Kleppe tlf. 57 73 53 57

Fjaler sokneråd

Leiar Terje Halsnes tlf 57 73 55 95

Graving

Reidar Langeland tlf. 57 73 88 21

Beredskapstelefon ved akutt behov utanfor kontortid 95 48 31 52

Mediene påvirker oss –
ønsker du å være med å
påvirke mediene?

Les om Familie & Medier på
www.fom.no
Send oss en e-post: post@fom.no

FAMILIE & MEDIER

Barnekor på leirskule

Helga 11. -13. april hadde Ung Kyrkjesong Bjørgvin Vårtreff på Dyrkolbotn leirskule i Romarheimsdalen. Over 120 ungar var samla for ei helg med song, blant dei 9 barn frå Dale barnekor og 2 frå Do Re Mi. I tillegg til fellesøving og øving med dei enkelte kora var det mykje god mat, konsert med eigne nummer, underholdningskveld, kveldsbøn og morgonsong.

1. Daleborna er klare til frukost. Ungane måtte byte på å vere kelner og servere og rydde etter dei andre.

2. Alle ungene var ute på grillfest laurdag ettermiddag og det var framleis nok snø til å sigle på akebrett og gå litt på ski.

3. Dei minste frå 1. til 4. klasse fekk øve på enklare fellessongar. Her lærer Tuva, Margrete og Ronja ein ny song.

4. Borna frå Fjaler framførte fire songar åleine på konserten laurdagskvelden. På underholdningskvelden song Dale barnekor Hallelujah av Leonard Cohen. Rose-Sofie frå Do Re Mi og Ota frå Dale barnekor spela kvar sin pianosolo.

5. Takk til dei vaksne leiarane som var med: Norunn frå Do Re Mi, Mark og Gro frå Dale.

Tekst: Mark Taylor
Foto: Gro Fivelsdal



1



2



5



3



4